



Valdansvarlege

Administrativt vedtak

Saksnr.	Utval
014/25	Formannskapet

Vår ref.
25/41-21

Dykkar ref.

Sakshandsamar
Knut Fredrik Øi

Direktenr

Arkiv

Dato:
15.06.2025

Tildeling av fellingsløyve for hjort, elg og rådyr - Lærdal 2025

Kort samandrag:

Bestandsplan for hjort i perioden 2023-25 er no på siste året. I høve måla om bestandsreduksjon er Lærdal på etterskot, og tilpassingar på løyvetildeling i år vert gjort for å auka fellingane til hausten. Det er totalt 768 fellingsløyve tilgjengeleg og målet bør vera å passera 500 felte hjort. I tillegg er det fri kvote på kalv til valda som er medlem i bestandsplanområdet. Det vert delt ut 55 fellingsløyve på elg og 1 løyve på rådyr.

Vedtak:

Med heimel i Forskrift om forvaltning av hjortevilt tildeler Lærdal kommune følgjande fellingsløyve i 2025:

- 555 fellingsløyve på hjort
- 1 fellingsløyve på rådyr
- 55 fellingsløyve på elg

Med heimel i Forskrift om forvaltning av hjortevilt §16 tillèt Lærdal kommune at alle valda som er medlem i Lærdal bestandsplanområde for hjort, kan nytta alle ubrukte fellingsløyve frå 2024 i sesongen 2025/26. Det er fri kvote på hjortekalv for alle grunneigarar i valda som er medlem i Lærdal bestandsplanområde i jaktåret 2025/26.

Det er nokre valdendringar som ikkje endå er handsama. Løyvetildeling til desse områda vert gjort når vedtak er fatta og valdkarta teikna. Tildelingane vil for desse valda følgjer arealkrava i godkjend bestandsplan, og det vert difor ikkje fatta nytt tildelingsvedtak til desse.

Aktuelle lover, forskrifter, avtalar mm.

Forskrift om forvaltning av hjortevilt.

Saksutgreiing/vurdering

Omsyn til smitteførebygging for skrantesjuka er framleis premissleverandør for forvaltinga av hjort og elg i Nordfjella-regionen. Høgt uttak, omfattande prøvetaking og låge bestandar er ønskja av sentrale styresmakter. Nordfjella er framleis i det som vert kalla brakkleggingsperioden. Kommunane er bedne om å leggja til rette for høgt uttak. Områda kring Nordfjella og Hardangervidda har i 6 år hatt utvida jakttid på hjort og elg grunna skrantesjuka. Miljødirektoratet har ny forskrift om utvida jakttid på høyring, med frist 16. juni. Informasjon om eventuell utvida jakttid vert ettersendt valda når dette er avklart. Det vert arrangert jegermøte i august.

I all hovudsak ligg vurderingane for løyvetildeling i bestandsplanperioden 2023-25 i saka om godkjenning av bestandsplanen. Det er, etter jaktåra 2023/24 og 2024/25 eit etterslep i høve fellingsmåla på om lag 150 hjort. Indeksane for bestandsutviklinga peikar i retning vekst mens målet i planperioden er reduksjon. I samråd med Lærdal bestandsplanområde er det difor gjort nokre endringar for å forsøka å auka avskytinga i 2025/26. Det er innført fri kvote på hjortekalv i 2025/26 for valda som er medlem i bestandsplanområdet. I tillegg vil alle ubrukte fellingsløyve frå 2024/25 kunne nyttast denne sesongen. Dette gjeld berre valda som er med i bestandsplansamarbeidet.

Valda utan bestandsplan får tildelt 82 fellingsløyve for hjort. Medlemsvalda får tildelt 473 fellingsløyve, i tillegg til at dei kan nytta dei 213 ubrukte løyva frå 2024/25. Totalt disponerer medlemsvalda difor 686 fellingsløyve. Totalt i kommunen er det 768 fellingsløyve for hjort i sesongen 2025/26. Det vert delt ut 55 fellingsløyve for elg og 1 fellingsløyve for rådyr.

Det er nokre søknadar om endring av vald som, grunn kartutfordringar, ikkje er handsama enda. Dette dreier seg om at Borgundsveldet vert delt opp og at det er ei endring i Filefjell elgvald. Dette burde likevel ikkje vera ein stor utfordring, vedtak om nye vald vil verta gjort i god tid før jakta startar, og tildelingane vil følgja oppsettet/arealkrava i godkjend bestandsplan. Oversikt over tildelingane til valda ligg i vedlegga.

Kommunedirektøren tilrår følgjande løyvetildeling i 2025:

- 555 fellingsløyve på hjort
- 1 fellingsløyve på rådyr
- 55 fellingsløyve på elg

Fordeling av fellingsløyve til alle valda i kommunen er lista opp i vedlegga.

Etter gjeldande delegasjonsreglement og avtale om felles landbrukskontor, vurderer kommunedirektøren at saka kan handsamast administrativt. Det er gjeve mynde til kommunedirektøren å handsama kurante saker i avtale om felles landbrukskontor.

Klagerett

Vedtaket kan etter forvaltningslova §28 påklagast. Klagefristen er 3 veker frå de er gjort kjend med vedtaket.

Ev klage sendast til:
post@laerdal.kommune.no

Lærdal kommune
Øyraplassen 7
6887 Lærdal

Med helsing

Knut Fredrik Øi
sakshandsamar

Magnhild Aspevik
landbrukssjef

Brevet er elektronisk godkjent og er utan underskrift

Vedlegg:

Dok.dato	Tittel	Dok.ID
15.06.2025	Informasjon om hjort-, elg- og rådyrjakta i Lærdal 2025	252153
15.06.2025	Løyvetildeling Lærdal hjortevald 2025 - med bestandsplan	252154
15.06.2025	Løyvetildeling Lærdal hjortevald 2025 - utan bestandsplan	252155
15.06.2025	Løyvetildeling Lærdal elgvald 2025	252156
15.06.2025	Løyvetildeling Lærdal rådyrvald 2025	252157